



VEDTEKTER FOR VESTLAND FRIVILLIGSENTRALER

§1 Målsettingar og definisjon

Vestland Frivilligsentraler (VFS) er ein frivillig organisasjon for frivilligsentralane i Vestland og har som mål å vera eit samlande organ for frivilligsentralene i fylket

VFS skal arbeide for å styrke frivillige, frivillig arbeid og fremje samarbeid, kvalitet og innhald i frivilligsentralane. Organisasjonen skal også arbeida for å styrka frivillig arbeid på områder det er særskilte behov

§2 Funksjonar og mandat

VFS skal arbeide for gode utviklingskår for sentralane, ta initiativ til og fronte felles saker. VFS kan samordne felles prosjektsøknadar, organisere kurs og konferansar for styre/eigarar, tilsette og frivillige. VFS representerar medlemssentralane, og har ansvar, på fylkesnivå, for samarbeidsavtalar med det offentlege, frivillige lag/organisasjonar og næringsliv. VFS er tilknyttet den nasjonale interesseorganisasjonen Norges Frivilligsentraler gjennom medlemskapet til de lokale frivilligsentralene i fylket. VFS følger Norges Frivilligsentraler sitt arbeid og er åpent for et samarbeid med de. VFS anbefaler alle sine medlemmer om også å være medlem i Norges Frivilligsentraler

§3 Prokura

Prokura vert gitt til to personar, styreleiar og økonomiansvarleg i fellesskap.

§4 Medlemskap

Medlemskap i VFS kan teiknast av frivilligsentralar i Vestland fylke. Medlemmar av VFS er dei sentralane som til eikvar tid har betalt kontingent. Kontigenten vert fastsett av årsmøtet.

§5 Organisering, styre og val

VFS arrangerar minst ei årleg fagsamling, i tillegg til eller i samband med årsmøte. Samlinga er for styrerepresentantar, eigarar, tilsette og eventuelle særskilt inviterte.

Innkallinga til årsmøtet vert sendt medlemsentralane minst 1 mnd før. Saker til årsmøtet må sendast inn seinast 14 dagar før.

Årsmøtet handsamar følgjande saker:

- Årsmelding
- rekneskap
- framlegg til kontingent
- årsplan (aktivitets- og handlingsplan),
- budsjett
- innstilling til val av styre
- eventuelle innsendte saker. Skal vere gjort kjent for medlemmane før møtet.

Styret for VFS vert samansett av sju representantar og to vararepresentantar, Som kommer frem slik: 4 frivillige - 2 ansatte og 1 uavhengig samt 2 vara som er valgt fra ansatte

Følgande prinsipp gjeld for val og samansetning av styret:

- a. Det skal leggst vekt på variert geografisk fordeling og kjønnsrepresentasjon.
- b. Årsmøtet vel leiar for eitt år av gongen. Dei øvrige styre og varamedlemmane vert valde for to år om gongen. Styret lagerei rotasjonsplan som tar vare på avvik ihøve det første driftsåret. Styret konstituerer seg sjølve.
- c. Styret oppnevner revisor.
- d. På årsmøtet vert det valt ei valnemd med fire representantar. Fyrste gong høvesvis 2 stk for eit år og 2 stk for to år. Dei som er valgt til 1 år blir leder og nestleder og dei som er blitt valgt for 2 år gjør opprykket året etter. Deretter er valga for to år.
- e. Alle frammøtte har tale- og forslagsrett på årsmøtet. Kvar medlemsentral har 1-ei stemme ved votering.
- f. Styret er vedtaksføre med fire representanter

§6 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte kan avholdes når styret innkaller til det eller når minst 1/5 av medlemmene krever det

Ekstraordinært årsmøte innkalles skriftlig med minst 4 ukers varsel og kan bare behandle de saker som er årsaken til innkallingen.

§7 Lokale nettverk

Nettverksgruppene er eit samarbeids –og utviklingsforum for tilsette i frivilligsentralane i fylket. Det er et sterkt ønske at desse nettverka med stor kompetanse innan frivillig verksemd skal fungere som arbeidsgrupper for styret for VFS.

VFS vil jobbe for et best mulig samarbeid mellom nettverka.

§8 Endring av vedtekter

Endring av vedtektene for VFS kan skje på årsmøtet med to tredjedels fleirtall. Dersom ein representant krev skriftleg votering gjennomfører ein det. Møtet er vedtaksdyktig med dei til ei kvar tid frammøtte medlemsentralane.

§9 Oppløysing

Oppløysing av VFS kan berre skje i årsmøtet. Vert oppløysing vedteke med minst 2/3 fleirtal av dei frammøtte skal det kallast inn til omframt årsmøte innan 3 månader.

Ved oppløysing vert VFS sine egedelar fordelt likt mellom dei frivilligsentralane som har gyldig medlemskap i Frivillig SF på oppløysingstidspunktet.

Samanslutning med andre foreiningar er ikkje å så som oppløysing av VFS. Vedtak om samanslutning og naudsynte vedtaksendingar gjerast i samsvar med §5 i dette skriv